



Reguleringsplan-saka for Rabben-området er framleis like uløyst. (Foto: Ola Matti Mathisen)

”- Slik saka nå står må eg trekkja meg frå det vidare arbeidet med reguleringsplan for Rabben Camping. Det syner seg uråd å få til samarbeid mellom partane Enes og Myklebust.”
Det skriv ingeniør Johannes Tufteland i eit brev til kommunen. Det har sidan i fjor vore arbeidd for å få til ein samla plan for heile området, men no har Tufteland altså kasta inn handkleet.

I brevet til kommunen refererer Tufteland til at Geir Enes i samband med saka om stenging av tilkomstvegen skal ha sagt at han for sin del ikkje ynskjer samarbeid med Tufteland om reguleringsspørsmålet fordi Tufteland er på Myklebust sitt parti.

Tufteland held fram:

” Det overhangande problemet for begge er at dei ikkje får byggja noko slag før det er godkjent ein reguleringsplan. Eg vil difor rå til at kommunen tek tak i saka og lagar ein reguleringsplan, og då med ein ny konsulent som ikkje har vore borte i saka tidlegare, Når planen er godkjent, på trass av alle protestar, har kommunen heimel til å gjennomføra oreigningar av grunn og rettar slik at fornuftige, tekniske løysingar kan utførast”

Tufteland meiner at planprosedyren vil ta noko tid, minst eitt år. Difor bør kommunen etter hans meining straks gje nødvendig dispensasjon, slik at påbegynte toalettanlegg kan byggjast medan planprosessen pågår.

Spørsmålet om to avkjørslar frå riksvegen er komplisert og har bevisst vore haldne utafor oppdraget Tufteland har hatt med Steinar Myklebust for Rabben Camping.

Under ein forhandskonferanse med plansjefen i mars vart grensa for reguleringsplanen trekt opp. Der var ein samde om at trafikkspørsmåla med omsyn til nye kryss med riksvegen, gangfelt og siktforhold ville verta for omfattande for campingplassen å løysa. Det mest naturlege ville vera at Vegvesenet laga reguleringsplan sjølv for disse avkjørslene, meiner Tufteland.

Av Ola Matti Mathisen